



Invitasjon til

Seljecup 2026

12. - 14. juni

Gutar/jenter 6-16 år

Påmeldingsfrist 25. april



Velkommen til årets fotballfest!
www.seljecup.no



VÅRE HOVUDSPONSORAR:





Seljecup 2026, 12. - 14. juni

Selje Idrettslag har gleda av å ynskje velkommen til 30-årsjubileum for Seljecup. Vår tradisjonsrike og svært populære cup blir i år arrangert for 30. gong. Vi kan sjå tilbake på ei fantastisk cuphelg i 2025 med rekorddeltaking over 170 lag og 1300 spelarar. Vi takkar for alle gode tilbakemeldingar frå fornøgde lag/klubbar som deltok.

Laga som deltek på Seljecup kjem hovudsakleg frå Sogn & Fjordane og Sunnmøre, og oftast nokon lag frå Hordaland. Noko av det som gjer Seljecup så populær er at kampar, overnatting, matservering og alle aktivitetar føregår i og omkring Selje Idrettspark. Kamptidspunkta vert så langt råd tilpassa reiseavstand og ynskje frå klubbane. Vi gjer merksam på at vi må sette ei øvre

grense for kor mange lag som kan delta i turneringa. I 2025 var det mange lag som ikkje fekk plass pga. sprengt kapasitet i høve overnatting og kampavvikling. Det løner seg difor å vere tidleg ute med påmeldinga «først til mølla.....»


Vi håpar på ein ny cupsuksess med fotball, vennskap og glede. La oss alle hjelpe kvarandre til FairPlay både på og utanfor bana. Selje IL har stort fokus på FairPlay, og på bakgrunn av dette har klubben fire gonger vorte kåra til «Årets FairPlay-klubb» i Sogn & Fjordane. Seljecup har også fokus på FairPlay, noko som vil vise igjen under cupen.

Velkommen til årets fotballfest i Selje!

Klasseinndeling

Kode	Klasse	fødde etter	Speletid	Lag
6-9 år:				
A G6	Gutar 6 år	01.01.20	1 x 10 min	3-ar
B G7	Gutar 7 år	01.01.19	1 x 10 min	3-ar
C G8	Gutar 8 år	01.01.18	2 x 10 min.	5-ar
D G9	Gutar 9 år	01.01.17	2 x 10 min.	5-ar
E J6	Jenter 6 år	01.01.20	1 x 10 min.	3-ar
F J7	Jenter 7 år	01.01.19	1 x 10 min.	3-ar
G J8	Jenter 8 år	01.01.18	2 x 10 min.	5-ar
H J9	Jenter 9 år	01.01.17	2 x 10 min.	5-ar

Kode	Klasse	fødde etter	Speletid	Lag
10 - 16 år:				
I G10	Gutar 10 år	01.01.16	2 x 13 min.	7-ar
J J10	Jenter 10 år	01.01.16	2 x 13 min.	7-ar
K G11	Gutar 11 år	01.01.15	2 x 13 min.	7-ar
L G12	Gutar 12 år	01.01.14	2 x 13 min.	7-ar
M J11	Jenter 11 år	01.01.15	2 x 13 min.	7-ar
N J12	Jenter 12 år	01.01.14	2 x 13 min.	7-ar
O G13	Gutar 13 år	01.01.13	2 x 13 min.	7-ar
P G14	Gutar 14 år	01.01.12	2 x 13 min.	7-ar
Q J13	Jenter 13 år	01.01.13	2 x 13 min.	7-ar
R J14	Jenter 14 år	01.01.12	2 x 13 min.	7-ar
S G15/16	Gutar 15-16 år	01.01.10	2 x 13 min.	7-ar
T J15/16	Jenter 15-16 år	01.01.10	2 x 13 min.	7-ar



Miniputt
turnering



Turneringsplan

Hovudturneringa med klasser frå 10-16 år er frå fredag kveld ca.17.30 til søndag ca. kl.13.30. 15-16 år spelar kun fredag kveld.

Mini-turneringa «Kongleriket» med klasser frå 6-9 år, går på søndag frå ca.14.00-18.00.

Miniklasser: G6, G7, J6, J7 (3-ar) og G8, G9, J8, J9 (5-ar)
I miniklassane vert turneringa avvikla på søndag 14. juni. 3ar-lag spelar 4 kampar, 5ar-lag spelar 3 kampar. Vi oppfordrar klubbane om å melde på reine jentelag. For å gje eit best mogeleg kamptilbod kan einskilde klassar bli slegne saman, dersom antal påmelde lag tilseier det.

NFF Sogn & Fjordane si terminfesta mini-turnering, «Konglerike», inngår som ein del av Seljecup 2026. Vi

ynskjer også andre klubbar velkomne med minilag.

Klassane: G10, J10, G11, J11, G12, J12 (7-ar) For overnattande lag vil kampene i utgangspunktet gå på laurdag og søndag, med totalt ca. 5 kampar. Ein del klasser/lag vil etter avtale få kamp fredag kveld. For ikkje overnattande lag vil kampene i utgangspunktet bli avvikla på laurdag med ca. 3 kampar.

Klassane: J13, G13, J14, G14 (7-ar) Etter innleiande kampar med gruppespel på laurdag, vert det sluttspel på søndag. Dersom mange nok lag vert det både A- og B-sluttspel. Dersom for få lag i ei årsklasse vil ein vurdere å slå saman 13/14 år til ei klasse.

Klassane: J15/16, G15/16 (7-ar) Kampene vert spelt kun fredag ettermiddag/kveld frå ca. 17.30.

Reglement og dispensasjonar

* Overårige/dispensasjonar:

Spelar som i seriespel har godkjent løyve/dispensasjon kan delta, jmf. Breiddereglement NFF §2.3 «Bruk av spillere som ikke oppfyller alderskravene for den aktuelle årsklasse». På 7ar/5ar/3ar lag maksimum 1 spelar overårige/med dispensasjon på bana samtidig. I særlege tilfelle kan cupen innvilge unntak frå reglane. Vi minner om at bruk av overårige spelarar er siste utveg, ikkje for å styrke laget sportsleg, men for å gje den einskilde spelar eit tilbod.

* Samarbeidslag i kretsserien: må saman med påmeldinga vedlegge stadfesting frå eigen krets om at laget også spelar som eit samansett lag i kretsserien.

* Ein spelar kan berre spele på eit lag i same klasse.



Overnatting

* Seljecupens overnatting C-kort (må bestillast saman med påmeldinga):

Det brukar å vere stor rift om overnattingsplassane. Cupens populære C-kort inkluderer overnatting frå fredag til søndag, alle måltid, cupdiskotek, aktivitetar m.m.

Overnattingsstader i Selje sentrum: Selje skule, Selje barnehage, klubbhus og andre lokaler.

Andre aktuelle overnattingstader utanfor Selje sentrum: Stadlandet skule ca. 20min køyring og Moldestad grendahus ca. 10min. Lag som overnattar utanfor sentrum får kr.200,- i rabatt pr. C-kort.

* Privat overnatting (må bestillast direkte med overnattingsstaden):

Nettstad/informasjon om overnatting og mykje anna:

<http://www.hjartestad.no>

Stad turistinformasjon, Selje: tlf. 47 51 54 63 Stad kommune sentralbord: tlf. 57 88 58 00



Premiar

Seljecup 2026 vil følgje opp våre tradisjonar med flotte premiar til alle deltakarar.

Alle spelarar får individuell deltakarpremie. Pokalar til dei 4 beste laga i kvar klasse i A-sluttspel, 3 beste laga i B-sluttspel.



Prisar

Miniklasser 6 - 9 år

Påmeldingsavgift:

- Klubbar/lag påmelde NFF Sogn og Fjordane mini-turnering «Kongleriket»: **gratis**

- Andre klubbar/lag: **kr. 800 pr. lag.**

Deltakaravgift:

- Klubbar/lag påmelde NFF Sogn og Fjordane mini-turnering «Kongleriket»: **gratis**

- Andre klubbar/lag: individuell avgift som inkl. deltakarpremie, **A-kort kr. 250 pr. spelar**

Andre klasser 10 - 16 år

Påmeldingsavgift: **kr. 800** pr. lag.

Deltakaravgift: Alle må ha A- eller C-kort, ca. antal bestillast ved påmelding.

A-kort: kr. 250. Inkl. deltaking, deltakarpremie, gratis adgang til cupens aktivitetar.

B-kort (matkort): kr. 800. 5 måltid: fredag kveldsmat, laurdag frukost/lunsj/middag, søndag frukost + lunsjpakke.

C-kort: kr. 1100. Inkl. alt: deltaking, deltakarpremie, overnatting, mat, aktivitetar. Gjeld både for spelarar og leiarar. Overnatting på skule, barnehage og andre lokaler: fredag til søndag (alle må ha med liggjeunderlag og sovepose). 5 måltid: fredag kveldsmat, laurdag frukost/lunsj/middag, søndag frukost + lunsjpakke. Deltakarpremie. Med i trekninga av gåvopremiar. Gratis adgang til aktivitetar og cupdiskotek laurdag kveld.

Rabatt C-kort: For lag som bur utanfor sentrum gjev vi kr. 200 i rabatt pr. C-kort som kompensasjon for logistikk/ekstra køyring osv. Pris rabatt C-kort: **kr. 900** pr. stk. Meld gjerne frå ved bestilling av tenester visst de ynskjer å bu utanfor sentrum.

Vi reknar med at dei fleste overnattande lag kjem fredag kveld. Dersom laget ikkje ynskjer å kome før laurdag, skriv gjerne på påmeldinga eller meld frå så tidleg som mogeleg.



Påmelding/tidsfristar/betaling

Seljecup brukar å bli heilt fullbooka. Ver difor tidleg ute med påmeldinga, «fyrst til mølla...» gjeld. Påmelding via link i Profixio, sjå heimeside: www.seljecup.no.

Hugs legg inn bestilling tenester ved påmelding, bestill ca. antal A-kort eller C-kort i Profixio.

* 25. april: Siste påmeldingsfrist 10-16 år

Påmelding via link i Profixio, sjå heimeside: www.seljecup.no
Ved evt. problem ved påmelding send mail til post@seljecup.no Laga vert registrert etter tidspunktet for innbetalt påmeldingsavgift. Siste påmeldingsfrist er 25. april.

* 20. mai: Siste påmeldingsfrist 6-9 år «Kongleriket»

Eigen invitasjon vert sendt ut innan 1. mai. Påmeldingsfrist til «Kongleriket»-turneringa på søndag 14. juni er seinast innan 20. mai. Påmelding via link i Profixio, sjå heimeside: www.seljecup.no

* Innan 15. mai: Betaling deltakaravgift

Siste frist for betaling av individuell deltakaravgift (A- eller C-kort) er 15. mai. Dersom det blir innbetalt for lite eller for mykje på førehand i høve antal spelarar, kan dette rettast opp seinare og/eller ved innsjekking på cupen.

Påmeldingsavgift (kr. 800 pr. lag) vert ikkje refundert dersom eit lag trekkjer seg etter 15. mai.

* Innan 1. juni: Kampoppsett

Kampoppsett vert sendt ut innan 1. juni. Lag som evt. trekkjer seg etter dette, kan ikkje gjere rekning med å få refundert innbetalt individuell deltakaravgift (A- eller C-kort).

Velkommen til Seljecup - www.seljecup.no





Seljecup 2026 - andre opplysningar

- * 30-årsjubileum: Tradisjonsrik og populær cup, der det er lagt til rette for at både barn og voksne kan kose seg. Overnatting, mat og alle aktivitetar er samla i og omkring Selje Idrettspark.
 - * Flott kunstgrasbane gjev gode speletilhøve.
 - * Cupdiskotek m/ DJ laurdag kveld i Selje Samfunnshus.
 - * Kiosk, kafe/serveringstelt og fruktsal. Grilling laurdag og søndag ettermiddag. Våre kokkar syter for framifrå matservering.
 - * Eit rikholdig program utanom kampene med ulike aktivitetar.
 - * Selje har mykje å by på sommarstid som t.d. Seljesanden, Selje kloster, Vestkapp, Dragseidet, surfing i Hoddevik, fjelltur i merka turløyper, sherpatrapp til Tarvaldseggja, golf eller anna.
- BUA** i Selje sentrum har utlån av aktivitetsutstyr til barn/unge/familiar.

Ta med familien, og sett av denne helga til eit besøk i kystperla Selje!

Seljecup 2026:

Adresse:

Seljecup 2026,
Fotballgruppa, 6740 Selje

E-post:

post@seljecup.no
Bankkonto: 3845.07.10374
Heimeside Seljecup:
www.seljecup.no

Kontaktpersonar:

Cupinfo:

Atle Solheim
99 24 76 87
post@seljecup.no

Matservering:

Anne-Britt D. Rekdal
95 84 46 84
anne_britt_65@hotmail.com
Svein Rekdal
41 69 18 42
srekdal@online.no

Overnatting:

Merete Nerland
97 66 76 19
merner69@yahoo.no



Vi heiar på alle

Som kunde hos oss bidreg du til vekst og fellesskap der du bur. Vi tek samfunnsansvaret vårt på alvor – derfor går overskotet tilbake til gode prosjekt, idrett og kultur. Og nettopp derfor er vi ein stolt sponsor av Seljecup.

No er vi Sparebanken Norge – men vi er framleis dei same lokale folka med det same lokale engasjementet.



sbnorge.no



Velkommen til Seljecup - www.seljecup.no